

---

**Fra:** Geir Styve <geir@humorbonden.no>  
**Sendt:** søndag 22. september 2019 21:59  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** 'eva'  
**Emne:** Erstatningssak til gnr 202/157. Att: Kommuneadvokaten

## **Bakgrunn**

Viser til sak om Lindås kommune sitt brot på utbyggingsavtalen med Hjelmåsen as, gjennom å nekte byggjeløyve på 202/157 våren 2018.

Etter vår søknad om byggjeløyve på 202/157 våren 2019 ville Administrasjonen utsetje sakshandsaminga til dispensasjonssaka om rekkefølgekravet var avgjort.

Vi reagerte straks på dette brevet, og stilte krav om saka skulle handsamast utan opphald.

Vidare krov vi at Administrasjonen skulle leggje til grunn at denne tomten er nr 8 av dei 8 tomtane som utbyggjar kan byggje ut før rekkefølgekravet slår inn.

## **Lindås kommune sitt svar til oss**

Vi har no fått svar frå Lindås kommune.

Det har skjedd gjennom at Administrasjonen har handsama saka, og har gjeve oss rammeløyve til einebustad på tomten.

Vår einaste mulige forståing av svaret er at Lindås kommune gjennom dette vedtaket vedgår og vil rette opp sin tidlegare feil.

## **Den vidare gang i saka**

Vi ber om eit snarleg møte der målet er å einast om storleiken på erstatningsbeløpet til oss,

ut frå konsekvensane av dei problema som Lindås kommune har forårsaka.

22/9/2019 Geir Styve

